

BACHELOROPPGÅVE

Likestillingsarbeid i barnehagen

Får jenter og guttar like mulegheiter?

Kandidat nr: 615
Katrine Underlid

Gender Equality In Kindergartens

Førskulelærerstudie deltid

SF3-312

Mai 2015



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Katrine Underlid

kandidatnummer og namn

JA X NEI

Innholdsliste

Forord av studenten.....	1
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling.....	1
2.0 Metode.....	1
2.1 Kvalitativt forskingsintervju	2
2.2 Observasjon.....	2
2.3 Utval av informantar	3
2.4 Presentasjon av informantane	3
2.5 Etske omsyn.....	3
2.6 Reliabilitet og validitet	4
3.0 Teorikapittel	4
3.1 Likheit, ulikheit og likeverd.....	4
3.2 Skilnadar på gutar og jenter	5
3.3 Pedagogisk leiar si rolle i arbeid med likestilling.....	6
4.0 Empiri.....	8
4.1 Empiri frå intervju.....	8
4.1.1 Likheit, ulikheit og likeverd	8
4.1.2 Skilnadar mellom gutar og jenter	9
4.1.3 Pedagogisk leiar si rolle i arbeid med likestilling	9
4.2 Observasjon i måltidssituasjon	10
4.2.1 Tabell resultat av observasjon i måltidssituasjon	10
5.0 Analyse og drøfting av datamateriale	11
5.1. Likheit, ulikheit og likeverd.....	11
5.2 Skilnadar på gutar og jenter	11
5.3 Pedagogisk leiar si rolle i arbeid med likestilling.....	12
6.0 Avslutning.....	14
7. 0 Litteraturliste.....	15
Vedlegg.....	17
Vedlegg 1 Sosiometri-Observasjonsskjema som eg tok utgangspunkt i	17
Vedlegg 2 Observasjonsskjema tilpassa til observasjon under måltid.....	18
Vedlegg 3 Førespurnad til informant om å delta i bachelorintervju	19
Vedlegg 4 Intervjuguide til pedagogiske leiarar.....	20

Forord av studenten

Dette har vore ein lang prosess der eg har arbeidd med eit spanande tema og endeleg kan eg presentere arbeidet eg har gjort. Eg vil takke veiledaren min, Anne Grete Sønsthagen, for god veiledning gjennom heile prosessen. Eg vil også takke mine kollegar og medstudentar for gode samtalar, diskusjonar og refleksjon heile vegen. Ikkje minst takk til familien som har stilt opp og støtta meg gjennom heile studiet.

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling

Denne oppgåva handlar om likestillingsarbeid i barnehagen. Dette er eit tema som er viktig for alle barn, både som individ, i gruppe og i samfunnet. Dei aller fleste barn går i barnehage og det vil vere naturleg å begynne å arbeide med det der, om ikkje før. I 2013 gikk heile 90 % av barna frå 1-5 år i barnehage, gjennomsnittlig 41 timer i veka (Statistisk sentralbyrå,2013).

Barnehagen pliktar å arbeide med likestilling i frå ulike hold –gjennom barnehagelova, rammeplanen og det er i tillegg til eit eige temahefte «*Likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagen*» som skal vere eit utgangspunkt i barnehagens arbeid (Rossholt, 2006). Barnehagelova er tydelig på at dette er eit viktig område å jobbe med. «Barnehagen skal fremme(...) og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering» (Barnehagelova, 2006).

Eg ville sjå på kva rolle ein pedagogisk leiar har i forhold til likestillingsarbeid og om barn får like muligheter uavhengig av kjønn i barnehagen. Pedagogiske leiarar og styrarar skal gå framfor som gode rollemodellar på dette feltet ovanfor øvrige tilsette, barn og foreldre. Problemstillinga er derfor «Korleis arbeidar pedagogisk leiar med likestilling i barnehagen»?

For å finne svara på dette, intervjuar eg pedagogiske leiarar og observerte i måltidssituasjon for å sjå kva kjønn som får mest merksemd i barnehagen. Det er forskjelleg teori om dette og eg har tatt med det som eg syns var mest relevant for mi problemstilling.

2.0 Metode

Det er ulike design og metodar ein kan bruke for å finne ut av ei problemstilling. Jacobsen seier at «Intensive design vil ofte være rettet mot å gå i dybden på noe, mot å få en forståelse for noe som man kjenner dårlig til(...)»og at det som regel inneberer studiar av få enheter (Jacobsen, 2010, s. 55). Eg ynskte å gå i djupna i tema likestilling, men avgrensde det til å få ei forståing av informanten si rolle som pedagogisk leiar i samband med temaet likestilling. For å gjere dette valte eg kvalitativt forskingsintervju og observasjon. Ved å bruke intervju får eg i samtale med intervjuobjekt, som heretter blir kalla informant, vite kva pedagogiske leiarar faktisk meina om temaet og ved å bruke observasjon i tillegg kan ein sjå om noko samsvarar med det som vert sagt i intervju.

2.1 Kvalitativt forskningsintervju

Ved å bruke intervju kan eg spørje rett ut om det eg lurer på og også stille oppfølgingsspørsmål dersom eg treng meir utfyllande svar. I metode skil ein mellom kvalitativ og kvantitativ metode (Dalland, 2012). Ved ein kvantitativ metode så samlar ein data som blir omgjort til tal. Til dømes gjennom eit spørjeskjema (Jacobsen, 2010). Intervju er ein kvalitativ metode. Dalland skriver at det kvalitative intervjuet bringe to menneske saman om noko begge er opptatt av. Gjennom spørsmål og svar reagerer og påverka dei kvarandre. Denne gjensidige påverknaden mellom informantane og intervjuar er ein føresetnad for det kvalitative forskningsintervjuet og kan ikkje reknast som ei feilkjelde. Framføre å redusere betydinga av mellommenneskelig samhandling, må ein heller prøve å bruke det bevisst (Dalland, 2012). Viser til intervjuguide som vedlegg 4.

I intervjuet ynskte eg å bruke bandopptakar, for så å transkribere det. Å transkribere vil sei å skrive ned ord for ord kva som er sagt (Dalland, 2012). Eg tenkte at det ville betre kontakt mellom meg som intervjuar og informanten når eg slapp skrive ned alt som vart sagt og kunne konsentrere meg fullt ut om samtalen. Det enda med at eg brukte opptakar kun på ein informant, fordi to av dei ikkje følte seg komfortable med opptakar. Eg merka det var skilnad på det intervjuet eg brukte opptakar på i forhold til dei eg ikkje brukte det på. Det var lettare å halde ein samtale og stille oppfølgingsspørsmål då eg slapp å skrive ned store mengder under intervjuet. Då eg var ferdig transkribere såg eg tydeleg at eg hadde mykje meir datamateriale i intervjuet med opptakar enn i intervjuet eg noterte undervegs.

2.2 Observasjon

Observasjon er ein god metode for å finne ut kva ein person faktisk gjer. Då ser ein kun på det personen gjer og ikkje på kva den tenker, føler eller har sagt at han gjer (Jacobsen, 2010). Etter avtale med pedagogisk leiar fekk eg sitte å observere barna då dei åt lunchen sin. Eg ville ikkje at dei skulle verte forstyrre av meg, derfor plasserte eg meg litt vekk i frå barna, men fortsatt slik at eg hadde oversikt over alle.

I barnehagane var det 2 vaksne tilstades under måltida og henholdsvis 19 (8 gutar og 11 jenter), 16 (9 gutar og 10 jenter) og 18 (8 gutar og 10 jenter) barn. Eg tok utgangspunkt i ein observasjonsmetode som heiter sosiometri og laga eit eige skjema, sjå vedlegg 2. Sosiometri handlar om å registrere gjennom piler kven av barna som snakkar med kven. Ein kan også finne ut om det er barn som aldri blir tatt kontakt med og om det er nokon som får mykje meir merksemd enn andre. Sjå forklaring i vedlegg 1. Eg sat å teikna piler for kvar gang barna snakka og noterte meg kor mange gonger

personalet snakka til gutar og kor mange gonger det snakka til jenter. I etterkant talte eg alle pilene opp og sette dei i ein tabell. Sjå tabell 4.2.1 i empiridelen.

2.3 Utval av informantar

«Ved å velje personer som du mener har bestemte kunnskaper eller erfaringer, gjør du et strategisk valg (Dalland, 2012). I hovudsak hadde eg eit tilfeldig utval av mine informantar. Men sidan eg ville intervju pedagogiske leiarar frå ulike kommunar og eg ville ha begge kjønn representert, vart den eine informanten strategisk utvalt. Eg spurte då styrar i ein barnehage der eg visste det arbeida menn, om å få intervju ein av deira mannlege pedagogiske leiarar. Eg tok kontakt med barnehagane via telefon for å høyre om dei var interessert i å stille opp til intervju og om eg kunne få komme å observere ein måltidssituasjon. Då eg kom dit fekk dei skriftleg førespurnad med informasjon. Sjå vedlegg 3.

I forkant prøvde eg ut intervju på ein pedagogisk leiar for å sjå om eg fekk dei svara eg trong. Mange av spørsmåla fungerte, men eg erfarte at eg måtte kunne spørsmåla godt, slik at eg ikkje spurte opp igjen om ting som dei allereie hadde svart på.

2.4 Presentasjon av informantane

Alle informantane var utdanna førskulelærar og hadde jobba henholdsvis 1.5, 4 og 6 år. Samtlige hadde også spes. Ped. i tillegg. Informantane har eg delt opp i A, B og C der A er kvinnelig førskulelærar som har arbeidd 4 år, der B er kvinneleg førskulelærar som har arbeidd i 6 år og der C er mannleg førskulelærar som har arbeidd i vel 1 ½ år.

2.5 Ethiske omsyn

Når ein forskar på noko må ein tenkje over ulike etiske forhold heile vegen. Det er viktig å streve etter at alt skal komme fram i si rette meining (Jacobsen, 2010). Eg har også prøvd å unngå å skrive noko som kan virke krenkjande eller belastande for nokon. Informantane har fått skriftleg førespurnad om å vere med på intervju og spørsmål om eg får komme å observere ein måltidssituasjon. Informantane vart informert om at alt som eg fekk greie på gjennom intervju og av personlege forhold skulle anonymiserast og at opptaket skulle slettast like etter ferdigstilling. Dalland beskriver det slik:

Når opplysninger ikke på noe som helst vis kan identifisere enkeltpersoner i et datamateriale, verken direkte gjennom navn eller personnummer, eller indirekte gjennom bakgrunnsvariabler, da er opplysningene anonymisert. Når datamaterialet er anonymt, er det ikke mulig å knytte enkeltpersoner til opplysningene. Dersom det er brukt lyd eller

billedopptak, må også disse slettes/makuleres eller sladdes. (Dalland, 2012, s. 103)

Eg såg det ikkje nødvendig å innhente samtykke frå foreldre for at eg skulle observere ein måltidssituasjon i barnehage. Dette fordi eg ikkje såg på enkeltbarna som individ, men heller prøvde å finne evt. skilnadar eller likheiter av kjønn. Befring seier at ein kan gjennomføre observasjon utan samtykke frå dei det gjelder, når dei ikkje sjølv kan gje tillatelse, så lenge risikoen er ubetydelig. (Befring, 2007)

2.6 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet seier noko om pålitelighet av det eg har funne ut. Og validitet står for relevans og gyldighet (Dalland, 2012).

Eg har brukt intervju av ped. leiarar frå tre kommunar, i tillegg til observasjon av ein situasjon i alle barnehagar eg har gjort intervju i. Dette gjer at det er litt breidde på området eg har valt og at eg har fått gått litt i djupna der eg har vore, med både intervju og observasjon. I tillegg har eg kopla det til sekundærdata, der eg har sett på tidlegare forskning på dette feltet. For å få større pålitelegheit kunne eg ha undersøkt fleire barnehagar, men eg fekk uansett litt innsyn på korleis likestillingsarbeid var praktisert i dei barnehagar eg var innom.

Då eg var ferdig med alle intervju kunne eg sjå at det var meir materiale der eg hadde brukt opptakar og transkribert alt ord for ord enn der eg skreiv ned alt undervegs. Kanskje eg ville fått meir ut av dei andre intervjuerna også, dersom dei hadde syns det var greitt å bli tatt opp.

3.0 Teorikapittel

I dette kapitlet vil eg forklare nokre begrep som omhandlar likestilling, sjå på kva styringsdokumenta seier og også sjå på kva teorien seier om likestillingsarbeid i barnehagen.

3.1 Likheit, ulikheit og likeverd

Det fins ulike måtar å sjå på likestilling. Ser ein på likestilling i forbindelse med likheit og ulikheit så tenker ein at barn skal bli behandla likt, i alle fall få heilt reelle like valmoglegheiter uavhengig av kjønn. Ser ein på likestilling i forbindelse med likeverd, så er det ikkje nødvendig at ein behandlar alle likt. Da er det meir fokus på at alle er like mykje verd som menneskjer og at det skal få like moglegheiter uavhengig av om det er ein gut eller ei jente (Larsen & Slåtten, 2011). Det var meir

vanleg før, frå 1970 talet, å kople likestilling til likheit mellom kjønna. No er det blitt meir og meir vanleg å sjå likestilling i forbindelse med likeverd (Moen K. H., 2012).

«Likestilling handlar om like rettigheter, muligheter og plikter for alle» (Askland & Rossholt, 2012). Med dette meiner Rossholt at barna har felles rettar juridisk, men at sosiale rettigheter avhenger av fleire ting til dømes alder, barnets mulighet til å hevde sin rett. Det å ha lik tilgang på utstyr, rom i barnehagen og kontakt med personalet. Det er ikkje riktig å behandle alle likt. Fordi barna er ulike og trengjer ulike muligheter utifrå livssituasjonen sin. (Askland & Rossholt, 2012) Moen viser til ein rapport «alle teller meir» som visar at likestilling er eit tema i rammeplanen som ofte blir nedprioritert i arbeidet og ein lurar på om ein av årsakane til det kan vere alle dei ulike meiningar/syn barnehagepersonal og folk flest har på likestilling. (Moen K. H., 2012)

Likeverd er ein del av verdigrunnlaget i rammeplanen. Desse omhandlar mellom anna kjønn, etnisitet, alder, funksjonshemming eller klasse. Kva ein person legg i ulike verdiar vil vere forskjellig. Difor er det viktig med ein gjennomgang kva ein legg i ulike verdiar slik at ein får ein felles plattform. (Askland & Rossholt, 2012). I barnehagane vil gjerne personalet behandle gutar og jenter sidestilt, men det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret står sterkt også i barnehagen. Kunnskap og holdningar har mykje å sei for korleis dette blir praktisert (Borg & Backe-Hansen, 2008).

Barne og familiedepartementet utarbeidde i 2004 ein handlingsplan for likestilling i barnehagane. Dette var ein 3 års plan der ein hadde 2 hovudmål, å få fleire menn i barnehagane og å utvikle og styrke likestillingsarbeidet i den daglege verksemda, noko som har vist seg å hatt liten prioritet førut. Dette gav ansvar til styresmakter, eigarar og andre om å lage system for og rapportere mål og delmål undervegs. (Barne og familiedepartementet, 2004)

3.2 Skilnadar på gutar og jenter

For å ha litt bakgrunnskunnskapar når eg skulle intervjuje dei pedagogiske leiarane såg eg på om det kunne vere biologiske årsaker som gjer gutar og jenter like eller ulike.

Det ser ut til at det er lite forskning på biologiske kjønnsforskjellar, men Knudsen har forska på skilnadane i hjernen mellom kvinner og menn. Ho finn at Hypothalamus er to og ein halv gonger så stor hos menn, som hos kvinner og den inneheld dobbelt så mange hjerneceller.

I hovudsak vil den venstre hjernehalvdelen fange opp enkeltdelane i det ein ser og skal gjere og den høgre hjernehalvdelen vil fange opp heilheten. For å forstå best mogleg må hjernehalvdelane samarbeide. Hjernebjelken koplar dei ulike hjernehalvdelane. Ulike forskingar viser at mannshjernen er unilateralt organisert. Det vil sei at når menn skal løyse oppgåver vil han i hovudsak bruke eine

hjernehalvdelen om gangen, men kvinna derimot vil bruke begge hjernehalvdelane når ho skal løyse dei same. Det viser seg at jentefoster frå 26. veke i gjennomsnitt har større hjernebjelke. Knudsen viser til Nyborg som meiner at det kan vere ein av årsakane til at jentene er «flinkare» å bruke begge hjernehalvdelane sine samtidig. Hjernebjelken spelar ein viktig rolle i heilhet - for kun når hjernehalvdelane samarbeidar oppnår ein ein forståelse av omverdenen (Knudsen, 2005). Knudsen nemner at det er lettare for dei fleste jenter å lære seg og lese enn for gutane. Nettopp på grunn av at gutar mest brukar eine hjernehalvdelen, slik at det blir vanskelig for dei å forstå heilheita når dei skal lære seg lydar og grammatikk. For dei kan det vere gunstig å variere undervisningsmetodar og systemer. For jentene sin del lettar hjernebjelken arbeidet med å kople frå enkelt delar i venstre hjernehalvdel til heilhet i høgre hjernehalvdel. Når ein ser på skilnadane kan det vere interessant å sjå på barnas leik.

I følge Knudsen består ofte jenter sin leik i å delegere roller, snakke i lag og organisere leiken. Dei bruka språket for å oppnå ein kjensle messig kontakt. Når denne er ferdig organisert begynner dei ofte på noko nytt. Gutars leik er prega av lydar og dei snakkar om funksjonar og stillingar. Rollene er som regel heltar og figurar. Det kan vere vanskelig for ei tredje jente å komme inn i leik med to jenter, sjølv om leiken enda ikkje er bestemt fordi dei to allereie har bestemt at dei vil leike i lag. Då kan det vere lettare å komme inn i leiken med to gutar. Gutar er meir opptatt av å demonstrere t.d. kunnskap og ferdigheter heller enn å skape samhørighet (Knudsen, 2005).

Knudsen skriv om eit eksperiment som vart gjort i ein 1. klasse. Der jentene skulle komme fram og velje aktivitet ein og ein. Dette tok lang tid fordi jentene lurte på kva dei andre skulle velje og om det dei ville velje var greitt. Dermed fekk dei vere med ei gruppe som dei aldri ville ha valt dersom dei fekk innsyn i kva dei andre hadde valt (Knudsen, 2005).

3.3 Pedagogisk leiar si rolle i arbeid med likestilling

Barnehagane er pålagt å arbeide med likestilling. Overordna er det i formålsparagrafen til barnehagelova tydeliggjort slik: «Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Barnehagelova, 2006). Barnehage lova seier vidare at rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhald og oppgåver. Dermed må vi sjå i rammeplanen kva den seier om likestilling.

I verdigrunnlaget til barnehagane som ein finn i rammeplanen Kap. 1.1 står det spesifisert om likestilling og kva som er forventa av barnehagen. Refleksjon over likestilling mellom kjønna skal vere ein del av barnehagepedagogikken. Mellom anna må personalet vere bevisst sine eigne haldningar til gutar og jenter og kva ein forventar av dei (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 12). Vidare seier

verdigrunnlaget at: «Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn(...)Gutar og jenter skal ha like sjansar til å bli sett og høyrde, og dei skal oppmuntrast til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen.» (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 12). Barna trenger i likhet med vaksne anerkjennande vaksne i barnehagen. «Å vere anerkjennende leder handler om å få medarbeidere til å føle seg akseptert, kjenne at de har verdi som mennesker, at det de gjør er av betydning og har en nytteverdi (Espedal, 2012, s. 73).

Ein pedagogisk leiar har mange arbeidsoppgåver. Ei av oppgåvene er å ta initiativ til å leie refleksjons- og læringsprosessar i barnehagen. Den pedagogiske leiaren må dermed arbeide for at personalet skal lære noko av dei utviklingsprosjekt som barnehagen jobbar med (Gottvassli, 2010). Det er mykje taus kunnskap i barnehagen, dermed er systematisk arbeid med likestilling viktig for å auke refleksjon og bevisstgjerjing rundt eiga og felles praksis (Moen K. H., 2012).

Dei tilsette i barnehagen kan påverke mulegheitene barna har til å vere gutar og jente på mangfaldige måtar. Det gir makt at ein har muligheita til å definere kva som er gyldig kunnskap i ulike samanhengar. Personalet er dermed nokon av dei som kan sei noko om kva er greitt at ein gut er og gjer og kva er greitt at ei jente er og gjer. (Askland & Rossholt, 2012, s. 25) . Kjønnsdiskursen i barnehagen handlar om måten det snakkast om kjønn på. Ein diskurs er dei omgrepa, problemstillingane og formuleringane som finnast i språket innanfor ein kultur. (Askland & Rossholt, 2012).

Under fagområde nærmiljø og samfunn påpeikar også rammeplanen at «barna skal oppleve at det blir tatt like mykje omsyn til gutar og jenter» og at «personalet må arbeide med likestilling mellom gutar og jenter og sørgje for at begge kjønna får varierte utfordringar og like mykje merksemd» (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 48).

Dobbeltstandard er eit omgrep som blir brukt når ein reagerer ulikt for lik åtferd til ulikt kjønn. Ein kan seie ulikt til barna og reagere ulikt. Det kan også dreie seg om tonefall ein brukar når ein snakkar til barna. (Larsen & Slåtten, 2011) Dette omgrepet var introdusert i 1998 av Ragnhild Andresen. Ho forska på kva forventningar ein førskulelærer hadde til gutar og jenter og fant at dette var ulik på grunn av at personalet reagerte utlikt for gutar og jenter når dei utførte same handling (Larsen & Slåtten, 2011).

Døme på dette kan vere viss Lise kjem i barnehagen med ny frisyre kan ho bli møtt slik: «å kor fin du er på håret, Lise», gjerne med lys og fin stemme, mens Per som også har klipt seg kan bli møtt slik «å kor tøff du var med ny frisyre, Per!» gjerne med litt røffare og mørkare stemme.

Borg og Backe viser til fleire studiar der det forska på om gutar og jenter blir behandla likt i barnehagen. Desse viser at gutar får meir merksemd enn jenter frå personalet. Dette gjeld måten dei blir møtt på av interesse og at dei blir snakka meir med (Borg & Backe-Hansen, 2008).

Rose Marie Moen har også forska på dette. Ho leia også eit 2 års prosjekt i barnehagar i Kvinesdal, der ho brukte metodar som møter, film og analyse av film og refleksjon. Funna var mellom anna at jenter blir sjeldnare omtalt med namn enn gutar. Gutar fekk lengre tale tid og oftare samtale med personalet. Gutar fekk også fleire oppfølgingsspørsmål. (Moen R. M., 2009) Ho har også gjort ei undersøking i ein tradisjonell norsk barnehage i lag med Schrödingers katt. Der hadde dei kamera ein heil dag og brukte stoppeklokke under lunchen, ei for gutar og ei for jenter, der ein kunne måle kven som fekk mest taletid med personalet rundt bordet. Dette viste at jenter hadde taletid på 2,35 min og at gutar hadde taletid på 12,25 (Moen R. M., 2013). Kajsja Wahlstrøm seier at gutar får ofte høyre namnet sitt i ein negativ kontekst og at «det som uttrykkes negativt, fører til en negativ jeforsterkning» (Wahlström, 2003).

Forskjellsbehandling av kjønn startar tidleg, allereie på fødeavdelinga får jenter rosa tepper og gutar blå (Larsen & Slåtten, 2011). På Schrödingers katt viste det ein reportasje der ein spurde folk på gata om ein baby. Når babyen hadde blå kle, så kom det utsagt som at «han var liten, bestemt, og virka smart». Når babyen hadde rose kleder sa folk at ho var søt, snill og stille (Moen R. M., 2013).

4.0 Empiri

Her vil eg presentere det eg fann ut av intervju og observasjon. Eg går inn på tema likheit, ulikheit og likeverd, skilnad på gutar og jenter og pedagogisk leiar si rolle i arbeidet med likestilling.

4.1 Empiri frå intervju

4.1.1 Likheit, ulikheit og likeverd

Når eg spurte informantane om kva syn dei har på likestillingsarbeid i barnehagen, meinte dei at alle skal føle dei blir likt behandla og sett og at alle barn er like mykje verd i barnehagen. Informant A sa vidare at barna skal få lik merksemd og anerkjenning uavhengig av kjønn. Samtlege sa også først at barna i deira barnehage vart likeverdig behandla. Informant B og C sa at at ein nokre gonger ubevisst kunne handle ulikt, sjølv om intensjonen er at ein skal behandle alle likeverdig.

4.1.2 Skilnadar mellom gutar og jenter

Når informantane vart spurt om jenter og gutar i utgangspunktet er like, svarte 2 av informantane at jentene ofte kan vere seinare motorisk i forhold til det å klatre og liknande. Vidare seier informant A at jentene ofte er meir frampå i sangstund, i drama og det å kle seg ut og gutane er meir einspora i aktivitetar og leik. Når gutar skal leike, vel dei først kva dei skal leike med t.d. bilar. Så blir dei gutane og jentene som har lyst å leike med bil med og flokken følgjer dei som snakkar høgast. Vidare meinte informant at personalet må stimulere barna med ulike typar aktivitetar. Informant B meinte at jentene ofte var meir interessert i rolege aktivitetar og meir interessert i språk. Gutar får oftare velje vekk rolege aktivitetar til fordel for herjeleikar. Jenter er flinkare å ta mulighetene som byr seg. Informanten sa og at det kunne vere ein tendens til at ein tolererer mindre frå gutane eller på ungar som ofte må irettesetjast. Informant C derimot meinte at det ikkje var noko stor skilnad mellom kjønna. Informanten seier vidare at gutar og jenter ofte likar å leike med det same. Der eit kjønn startar ein leik, så kjem det andre kjønnnet inn i leiken og omvendt.

4.1.3 Pedagogisk leiar si rolle i arbeid med likestilling

Det blir arbeid med likestilling i barnehagane til ulik grad. Informant A og B legg vekt på likestillingsarbeid i det daglege og i personalgruppa. Informant A snakkar om likestilling og brukar praksisforteljingar på personalmøte, der dei blir einig i korleis dei skal arbeide for likestilling og alle gjer det same. Informanten påpeikar viktigeita av å ha fokus på det i personalgruppa. Ho gjer koplingar med der ho arbeidde før og der ho er no. På førre arbeidsplass der det ikkje var fokus på det, så var det jentene som perla og gutane som bygga lego, også jenter som blei lest mest for. Der ho arbeider no er det meir fokus på det der dei til dømes snakka om korleis dei møter barna, at ein brukar namn til barna, ikkje gutar og jenter. Og at ein skal motivere og rose alle på lik måte. Informant B har ikkje stort fokus på det, men dei jobbar med det likevel –at alle skal bli sett og få anerkjenning for det dei gjer. Informant B hevda at jenter fekk meir samtaleid med personalet i enkelte situasjonar. Informant C har ikkje arbeid spesielt med likestilling, men legg meir vekt på å fange interessene til barna legge opp aktivitetar utifrå det. Likevel seier informanten at vi arbeider for at alle skal behandle alle likeverdige og vi snakkar om korleis vi skal reagere til ulike situasjonar og at vi skal gjere dette likt. Ho meiner også at ein automatisk har kjønntankar i kroppen og at ein må bevisstgjere seg dei sjølv for å behandle alle likeverdige.


På spørsmål om kva personalet gjer for å fremje likestilling i barnehagen svarte informant A at ein skal unngå å kalle jentene fine og gutane tøffe, eller at jenter også kan vere tøffe og at gutar også kan vere fine. Det beste er å finne noko som ein kan bruke om begge kjønn slik at jentene kan gjerast

tøffare og gutane kan gjerast mjukare. Ingen av informantane har leikar som blir kalla guteleikar eller jenteleikar. Alle leikar med alt. For å få til at gutar også vil lese bøker, blir det kjøpt inn traktorbøker og liknande. Informant C sin barnehage har fokus på å sjå barna som heilheit og ikkje kjønn. Romma er forma slik at barna skal finne ting å leike med utifrå interesse og prøvar å bruke kjønnsnøytrale namn på leikar og rom. T.d. verktøykrok, kjøkkenkrok, soverom.

Som ein kan sjå har dei pedagogiske leiarane sine tankar om likestillingsarbeid i barnehagane. Og for å sjå om dette samsvara i praksis gjorde eg nokre observasjonar i ein måltidssituasjon, svara skal vi sjå på no.

4.2 Observasjon i måltidssituasjon

4.2.1 Tabell resultat av observasjon i måltidssituasjon



Gjennom observasjon av personalet og barna i ein måltidssituasjon, fann eg dette. Ein kan sjå av diagrammet over at det i ein av barnehagane var jentene som snakka flest gonger under måltidet. Og at det i to av barnehagane var gutane som snakka flest gonger med andre.

I diagrammet ser vi og at personalet i alle barnehagane fleire gonger tok kontakt med gutar enn med jenter. Det er også relativ store skilnadar på kor mykje ein snakkar med gutar i forhold til jentene i kvar av barnehagane.

5.0 Analyse og drøfting av datamateriale

5.1. Likheit, ulikheit og likeverd

Informantane er einig i at likestilling bør sjåast i samanheng med likeverd og at dei ikkje nødvendigvis skal bli behandla likt. Barna er ulike og trenger ulike muligheter utifrå livssituasjon (Askland & Rossholt, 2012). Sjølv om det ikkje er like stort fokus på likestilling hos alle informantane, løftar likevel alle opp at barna skal bli sett og at dei skal gis like moglegheiter uavhengig av kjønn. Likeverd er også ein viktig del i verdigrunnet til barnehagen jamfør rammeplanen.

5.2 Skilnadar på gutar og jenter

To av informantane kunne nemne fleire ting som kunne skilje gutar og jenter. Den siste derimot meinte at det ikkje var noko stor skilnad på gutar og jenter i utvikling.

Den eine informanten meinte at jenter var meir opptatt av rolege aktivitetar og språk. Og at gutar oftare får velje vekk rolege aktivitetar til fordel for herjeleikar. Jentene er og oftare seinare motorisk enn gutane. Då kan ein lure på kvifor det er slik og om gutar og jenter får like moglegheiter til utvikling og læring. Informant A seier at barna må få tilbod om varierte aktivitetar som kan stimulere barnet. Dette støttar det Knudsen seier om å gi gutane variasjon knytt til leseopplæring vil hjelpe barna til å forstå heilheita betre (Knudsen, 2005).

Den eine informanten syns ikkje det var noko stor forskjell på leiken til barna. Alle leika med det same. Dei to andre informantane meinte derimot at leiken var forskjellig. Den eine informanten hadde eit døme på gutars leik. Gutane valde aktivitet utifrå interesse for eksempel det å leike med bil, og flokken følgjer med. Dette samsvarar med synet Knudsen har på gutars leik. Der er leiken bestemt av interessefelt og alle som interesserer seg for det same kan vere med (Knudsen, 2005).

5.3 Pedagogisk leiar si rolle i arbeid med likestilling

Styringsdokumenta seier tydeleg at det skal arbeidast med likestilling i barnehagen (Barnehagelova, 2006). Alle informantane meina at barna får like mulegheiter i sin barnehage uavhengig av kjønn. Etter å ha observert ein måltidssituasjon ser eg av tabell 4.2.1 er at det ikkje er noko tilsynelatande stor skilnad på kor ofte gutar og jenter snakkar under måltidet. I den eine barnehagen var det jentene som snakka flest gonger, mot gutane i dei to andre barnehagane. Dette samsvarar ikkje med det Moen fann ut i sin undersøking om at gutar får tydeleg meir taletid enn jenter (Moen R. M., 2013). Gutar fekk derimot meir merksemd og taletid med dei vaksne under måltidssituasjonen. Det samsvarar derimot godt med Moen undersøkte i sitt program på Schrödingers katt om kor lang taletid gutar fekk i forhold til jentene med dei vaksne, som viste klart at gutar har meir taletid med dei vaksne i barnehage. I måltidssituasjon vart det brukt stoppeklokke. Ho brukte også videoobservasjon og analyse som viste det same i andre situasjonar (Moen R. M., 2013).

Eit utsegn eg fekk hjå den eine informanten var at jenter får meir taletid med dei vaksne i barnehagen i ein del situasjonar. Dette vart grunna det med at det er lettare å setje seg ned med jenter som teiknar eller pusla og ha ein dialog, framfor å blande seg borti t.d. rolleleik og herje leik hos gutane. Informanten opplevde at det var mest jenter i bordaktivitetar.

No er det nok ulikt frå barnehage til barnehage, men eg undrar meg over om gutar og jenter blir behandla likeverdig dersom om det er ein gjengangar at gutar i stor grad får meir merksemd hjå dei tilsette i barnehagen. Eller om det er omvendt slik den eine informanten påstår. Moen seier at det mest sannsynleg er ubevisst at personalet behandlar barna ulikt. Utifrå funna av intervju, observasjon og det Moen har forska på, vil eg påstå at ein viktig jobb for pedagogisk leiar vil vere å kartleggje holdningar personalet har til likestilling -ved å observere, reflektere rundt korleis ein gir gutar og jenter like moglegheiter, kvifor ein gjere som ein gjer og om ein eventuelt bør gjere nokre justeringar. Særlig fordi, slik som Moen seier det, at mykje av kunnskapen i barnehagen er den tause kunnskapen (Moen K. H., 2012). Når det viser seg at ulike meiningar/syn barnehagepersonell og folk flest har på likestilling kan vere årsaken til at likestillingsarbeid blir nedprioritert jamfør rapporten «alle teller meir» som Moen 2012 henviser til, støtter dette viktigiheita av å bere bevisst korleis ein arbeidar med dette.

Observasjonen eg har gjort seier ikkje noko om kva type merksemd barna får. Det kan ha noko å sei om det er anerkjenning eller kjeft barna får i samtaletida med dei vaksne. Lat oss sei det stemmer det som Wahlstrøm 2003 seier –at gutar ofte får høyre namnet sitt i ein negativ kontekst (Wahlström, 2003), og at mykje av «vaksenkontakten» vil vere kjeft og irettesetting, så vil det ikkje vere til fordel

for gutane med mest samtaletid med dei vaksne, heller motsett slik at barna får eit negativt forhold til seg sjølv og namnet sitt.

Informant A meinte at ein automatisk har kjønntankar i kroppen og at ein må bevisstgjere seg dei sjølv for å behandle alle likeverdige. Ho kom med utsegn som: «Vi er oppdratt til at jenter er fine og gutar tøffe», «jentene vert rosa for å vere stille», «det er legalisert at gutane er høglydte, men det er ikkje at jentene er det, for dei skal vere søte og fine». Dette samsvarar med det Bache og Borg seier at det tradisjonelle kjønnsrollene står sterkt i barnehagane. Eit anna utsagt informant A hadde som ein kan knytte til dobbeltstandard jamfør Larsen og slåtten 2012 «Når barna kjem om morgonen høyrer ein ofte «å kor søt genser» (til jente) eller til gut «å kor tøff genser». Dette vil informant A ha vekk.

Slik eg ser av teorien til Knutsen, som eg skreiv om tidlegare, som utførte eit eksperiment med førsteklassingar som viste at gutar vel kva dei skal leike med og jenter vel først kven dei skal leike med så stemmer det bra med det informant A sa om at når gutar skal leike vel dei først kva dei skal leike med t.d. bilar. Så blir dei gutane og jentene som har lyst å leike med bil med og flokken følgjer dei som snakkar høgast.

Den eine informant A sa «Gutane skal få lov til å perle og få lik anarkjensle for det som jenter. Og jenter skal få leike like mykje med dinosaurar og spiderman og få lik anarkjensle for det som gutane». Då er informant A bevisst sine forventningar til dei ulike kjønna jamfør verdigrunnlaget i rammeplanen. (Kunnskapsdepartementet, 2011). Både gjennom at den pedagogiske leiaren er bevisst sin forventning til kjønna og at barna skal oppmuntrast til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Dette vil også vere medverkande til eit likestilt samfunn. Barna lærer at det er greitt at gutar og jenter kan gjere dei same tinga jamfør Askland og Rossholt 2012. Her set også den pedagogiske leiaren ein standard som gjer det mogleg å påvirke barna kva som er greitt at gutar gjer og jenter gjer.

Samtlege av dei pedagogiske leiarane sa i intervju at i deira barnehage hadde dei ikkje noko som heitte jenteleikar og guteleikar. Og at dei prøvde å bruke kjønnsnøytrale namn på leikane. Eit eksempel som kom opp var kjøkkenkrok i staden for dokkekrok. Men viss det er sånn at både gutar og jenter kan leike med alt, kvifor skulle det då vere gale å kalle ein dokkekrok for det det er. Informant A sa at gutane i utgangspunktet var uinteresserte i bøker, difor kjøpte dei inn traktor bøker og liknande, tiltenkt for dei minst gutane i barnehagen for å stimulere dei til lesing. Intensjonen er god og dette kan vere ein god måte trur eg, men det avhenger kanskje korleis ein legger fram desse bøkene. Legger vi føringar her for å fortsette i det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret om at traktorar

og akasjonfigurar er for gutar og bøker om prinsesser, vennskap er for jenter. Eller tilbyr vi dei same bøkene for gutane og jentene og gir dei bekræftelse på at det er greitt å like forskjellige ting. Alle har ulike forventningar til kjønn ubevisst eller bevisst. Dette trur eg samfunnet er med på å skape og det begynne veldig tidlig, alt på fødestova, som Larsen og Slåtten 2012, skriver der dei delar ut blått teppe til gut og rose teppe til jenter. Og berre den lille undersøkelsen som Schrödingers katt hadde om ein baby på gata bekræfta at folk har ulike forventningar til ulikt kjønn. Babyen som hadde rosa kle på seg fekk søte kommentarar og folk gjetta at denne babyen kom til å velje omsorgsyrker og liknande når ho blei stor og når babyen fekk på seg blå klede hadde folk på gata andre forventningar som at han var bestemt, tøff og at han nok blei ingeniør eller pilot. (Moen R. M., 2013). Med forventningar som blir stilt i samfunnet, så må ein som pedagogisk leiar og rollemodell for barna jobbe for at alle barn i barnehagen får like muligheter uavhengig av kjønn. Tilby leikar og aktivitetar med breidde og vise aksept for det barnet er.

6.0 Avslutning

Dei pedagogiske leiarane arbeidar til ulik grad med likestilling og ein kan spørje seg korvidt alle arbeider innanfor lovverk då det kjem fram at det kun er enkelte som arbeider spesielt med likestilling. Når eg ser på heilheten av intervju så viser det seg at alle arbeider med likestilling, men på ulike måtar. Og kanskje funna som viser at gutar nok får meir merksemd enn jenter, vil overraske nokon, særleg då intensjonen til dei pedagogiske leiarane var at barna i deira barnehage skulle kjenne seg likt behandla. Det er nok nyttig å i få klarlagt holdningar hos personalet slik at personalet kan sørge for at «begge kjønn å få varierte utfordringar og like mykje merksemd» slik rammeplanen seier (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 48).

Dersom det hadde vore meir tid og eg skulle arbeidd vidare med denne oppgåva skulle eg tenke meg å involvere foreldre også, gjennom intervju eller spørjeskjema, kva dei syntes om likestillingsarbeidet i barnehagen. Og kanskje prøve andre metodar for å finne ut korleis barnehagane arbeidar med likestilling, til dømes slik som Rose Mari Moen gjorde med video og stoppeklokke.

Det kunne også vore interessant å hatt intervju med like mange mann som kvinner for å sette om det var noko som var typisk for det eine kjønn.

7. 0 Litteraturliste

Askland, L., & Rossholt, N. (2012). *Kjønnstidkurer i barnehagen -Mening Makt Medvirkning*.

Bergen: Fagbokforlaget.

Barne og familiedepartementet. (2004). *Handlingsplan for likestilling i barnehagene 2004-2007*

Den gode barnehagen er en likestilt barnehage. Oslo.

Barnehagelova. (2006). *Lov om barnehager*. Henta frå Lovdata:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova>

Befring, E. (2007). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Samlaget.

Borg, E., & Backe-Hansen, E. (2008). *Kvalitet og innhold i norsk barnehager. En*

kunnskapsoversikt. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA).

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Espedal, G. (2012). Anerkjennende ledelse. *Barnehagefolk 1*, s. 73.

Gottvassli, K.-Å. (2010). *Barnehager organisasjon og ledelse*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse og sosialfagene*. Kristiansund: Høyskoleforlaget.

Knudsen, A.-E. (2005). *Snille jenter og dumme gutter*. Oslo: Pedagogisk Forum.

Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. 2011.

Larsen, A. K., & Slåtten, M. V. (2011). *En bok om oppvekst*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostd & Bjørke AS.

Moen, K. H. (2012). *Nærmiljø og samfunn i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Moen, R. M. (2009). *Likestilling i det pedagogiske arbeidet i Kvinesdal 2007-2009*. Nordfold: KUN-Senter for kunnskap og likestilling.

Moen, R. M. (2013). *Blir gutter og jenter behandlet likt i barnehagen*. Henta frå Shrødingers katt:
<http://tv.nrk.no/serie/schrodingers-katt/DMPV73001513/12-09-2013>

Rossholt, N. (2006). *Temahefte om likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.


Standal, K. A. (2015, 04 25). *NDLA*. Henta frå Webområde for Nasjonal digital læringsarena:
<http://ndla.no/nb/node/2090>

Statistisk sentralbyrå, 2013. (u.d.). Henta frå <https://ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager>

Wahlström, K. (2003). *Likestillingspedagogikk i praksis: Jenter, gutter og pedagoger*. Oslo: Pedagogisk forum.

Vedlegg

Vedlegg 1 Sosiometri-Observasjonsskjema som eg tok utgangspunkt i




Når du skal telle opp antall henvendelser og hvem som henvender seg til hvem, benytter du dette ruteskjemaet:

PSI	A	B	C	D	E	F	G	H	I	Sum
A										
B										
C										
D										
E										
F										
G										
H										
I										
Sum										

Bortover (vannrett) noterer du alle henvendelser som for eksempel A gjør til B, C, D og så videre. Summen på A blir da hvor mange ganger A tar ordet. Når du summerer nedover (loddrett), får du antall henvendelser en person får fra de andre. Når du har fått oversikten, skriver du en fyldig kommentar som avsluttes med forslag til tiltak for å bedre det sosiale miljøet i gruppa.

Observasjonsskjemaet med forklaring er kopiert frå denne nettsida: <http://ndla.no/nb/node/2090>

Vedlegg 2 Observasjonsskjema tilpassa til observasjon under måltid



Her har eg kun notert G for gut, J for jente og V for vaksen.

Vedlegg 3 Førespurnad til informant om å delta i bachelorintervju

Forespørsel om å delta i bachelorintervju

Hei!

Mitt navn er Katrine Underlid. Eg går siste året på førskulelærerutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Eg skal no skrive bacheloroppgåve, og i den forbindelse lurar eg på om du kan tenke deg å stille opp som informant i eit bachelorintervju? Eg skal intervjuje totalt 3 pedagogiske leiarar.

Temaet for intervjuet vil vere likestilling - å finne ut om barn får like muligheter uavhengig av kjønn i barnehagen og korleis pedagogisk leiar arbeidar med likestilling i barnehagen.

Eg ynskjer å bruke lydopptakar under intervjuet. Dette er fordi det sikrar at eg får med alt, og det gir også betre kontakt mellom intervjuer og informant, sidan eg kan konsentrere meg fullt om samtalen, og ikkje trengjer å skrive ned alt. Opptaket blir sletta straks etter at eg har skrevet det ned. I bacheloroppgava blir alle informantar anonymisert.

Eg ynskjer også å gjere ein observasjon rundt eit måltid i barnehagen. Eg vil finne ut om det er skilnad på kven som får mest taletid rundt bordet og om begge kjønn får like stor merksemd frå den vaksne. Eg vil kun sjå på kjønn og ikkje på enkeltindivid. Ikkje noko anna enn dette blir brukt og heller ingen namn vert notert.

Eg ynskjer å gjennomføre intervjuet i perioden mellom 02.03 – 27.03. Intervjuet vil ta opp til en ½ time.

Om du har spørsmål kan du kontakte meg på epost kat-u@online.no eller du kan ta kontakt med veilederen min på Høgskulen i Sogn og Fjordane, Anne Grethe Sønsthagen, på epost: Anne.Grethe.Sonsthagen@hisf.no

Helsing Katrine Underlid

Vedlegg 4 Intervjuguide til pedagogiske leiarar

1. Kor lenge har du arbeidd her som ped. leiar? Evt også i andre barnehagar
2. Kva utdanningsbakgrunn har du?
3. Kva legg du i temaet likestilling i barnehagen?
4. Kva legg du i omgrepet likeverd?
5. Er gutar og jenter like eller ulike i utgangspunktet og kvifor?
6. Blir det arbeidd med likestilling i personalgruppa?
7. Synast du at barna får lik muligheter til læring og utvikling uavhengig av kjønn i barnehagen?
8. Opplever du at lik handling blir reagert ulikt for i din barnehage avhengig av kjønn som utfører det? Viss ja, på kva måte? Blir dette diskutert i personalgruppa
9. Kva konkret gjer du som pedagogisk leiar for å fremje likestilling i barnehagen?
10. Kva aktivitetar trur du gutane får for lite tilbod om i forhold til jenter? Og kva konkret kan ein gjere for å endre dette dersom ønskelig?
11. Kva aktivitetar trur du jentene får for lite tilbod om i forhold til gutane? Og kva konkret kan ein gjere for å endre dette dersom ønskelig?
12. Er det andre ting om temaet du vil seie noko om som vi ikkje har fått snakka om? Evt. eksempel på praksisforteljingar som har fått deg til å reflektere over likestilling.